

ARBEIDSGRUPPE 24 SKOLE

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



1. Mandat og rammer

Arbeidsgruppa har som oppdrag og sjå på moglege innsparingar knytt til drift, lisensar, læremateriell og turar i skulen.

2 Organisering og gjennomføring

Vivi F. Smidesang	Konsulent oppvekst	Arbeidsgruppeleder
Anders Sandvik	Kommunalsjef oppvekst	Arbeidsgruppedeltakar
Rune S. Tveito	Verksemdsleiar Edland	Arbeidsgruppedeltakar

Arbeidsgruppa har i perioden gjennom fleire møte, mailkorrespondanse og telefonsamtaler drøfta ulike innsparingstiltak i Vinjeskulen.

3.0 Utgreiing

Me har nytta regnskapstall frå 2025, for å finne fakturaer som er knytt til lisensar, materiell til undervisning, inventar, skuleturarar og skulemat. Anna informasjon er henta frå SSB.

3.1 Beskriving av tiltak

Arbeidsgruppa har vurdert tiltak som til saman kan gje ei betre utnytting av ressursane, samt på sikt spare kommunen kostnader.

3.2 Konsekvenser av tiltak

Ei meir heilskapleg føring av utgiftar på skulane vil ikkje gje noko umiddelbar besparing. Men me tenkjer at om skulane fører utgiftane på same måte - vil me kunne sjå meir heilhetleg på drifta og kunne samanlikne og ha meir kontroll på korleis pengane blir brukt. Det er mellom anna utfordrande å føre skulemat, råvarer og utstyr i samanliknbare kostragrunder. Det vil difor vere mest gunstig å samle ein del utgiftspostar i prosjekt som gjer det oversiktleg og betre kontroll ute på skulane. Det er til vanleg ikkje grunnleggande skilnader på skulemattilbodet som blir gjeve på dei ulike skulane, men innkjøpsrutinar og forbruk er til dels ulikt. Spørsmål om kva som blir ført kor i rekneskapen gjev heller ikkje god nok kontroll på forbruket. Me har òg sett på totale kostnader ved skulemat, og ved å kutte desse vil ein kunne spare kring tre millionar per år.

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Samkøyre korrekt postering på alle skulane	Tydeleg instruks for føring i høve kontostreng og kostratal for betring styring og riktigare tal å budsjettere for. Me skal samle eit utval område i prosjekt for direkte samanlikning mellom skulane.

2. Redusere ekskursjons- og turaktivitet	Det er lovpålagt med ein tur med overnatting for ungdomskuleelevar – i Vinje har me både leirskule på tre overnattingar, og utanlandstur for 10. klasse. Om ein kuttar ut Polen-tur, vil ein kunne spare 375 000 kr. per år. Skulane set opp liste over medgåtte utgifter til ekskursjonar og turar. Det vil bli laga ny ekskursjons- og aktivitetsliste for Vinjeskulen kor me kan sjå på moglege innsparingar.
3. Skulemat/matansvarleg	Vinje kommune brukar mykje ressursar på skulemat, kr 2 863 000,- . Kutte matansvarleg, og elevane må ta med niste. Setje opp alternative løysingar: Alt 0 –halde fram som før Alt 1 – Berre skulemat på ungdomsskulen som treng det mest Alt 2 – Kutte ut skulematen for alle
4. Lisensar - samkøyring og avvikling så det blir likt på skulane.	Gjennomgang av lisensar - Forhandle betre avtalar på dei me har. Avslutte program som ikkje blir nytta: t.d. Conexus, Numetry, Forlagslisensar. Slik det var for 2025: kr. 877 000,-
5. Ein ungdomsskule – endring av skulestruktur	Her er det mogleg å spare administrasjonskostnader, vedlikehald av bygg, reinhald. Mogleg betre utnytting lærarkreftene. Her er det fleire alternativ man kan sjå på. (Ein ungd.skule - sjå politisk sak), Oppvekstsenter i Edland Konkrete økonomiske besparelser må me kome tilbake til, om dette blir aktuelt.
6. Undervisningsmateriell	Samordne prioritering og innkjøp på alle skulane i høve fastsett beløp basert på elevtal.
7. Fritt skulemateriell	Samordne prioritering og innkjøp på alle skulane i høve fastsett beløp basert på elevtal. Ta utgangspunkt i kostra.
8. Program kommunen er med i som t.d <i>Liv og Røre, Ungt entreprenørskap, Aktiv 365</i>	Kva er kostnadene ved å delta i desse overordna programma og kor aktuelle er det å hald fram med eller kutte ut. Me har gått i gjennom lista og sett kva som er naudsynt og kva me kan velje bort for å innfri lovkrav.
9. Polentur 10. klasse	Kommunen gjev eit tilskot per elev på kr. 4800,-. Samla utgifter for denne turen i 2026 var ca. kr. 375 000,-

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Samkøyre korrekt postering på alle skulane	0	0	Felles kursopplæring og klar instruks om føring i høve kostra og prosjekttinndeling likt på skulane. Dette gjev ikkje direkte innsparing men betre kontroll på utgiftene og truleg grunnlag for å ta ned utgiftene på nokre postar.

2. Redusere ekskursjons- og turaktivitet	375	375	Kutte Polen-tur for 10. klasse
3. Skulemat/matansvarleg	3000	3100	Det er fleire alternativ til å halde på skulemåltidordninga me har i Vinjeskulen for alle elevar kvar dag. Sidan det ikkje er lov til å krevje foreldrebetaling i skulen og fordi me er opptekne av likskap i Vinjeskulen, ynskjer me å fokusere på to alternativ: 1. Kutte ut skulemåltidet på alle skulane -3 000 000,- 2. Kutte ut skulemåltidet på barnetrinnet -1 400 000,-
4. Lisensar - samkøyring og avvikling så det blir likt på skulane.	30	30	Seie opp lisensar som ikkje er i bruk – og forhandle betre avtalar. To lisensar me i liten grad nyttar i dag eller som kan erstattast av andre program/løysingar me har skal seiast opp. Hovudtyngden av lisensane utgjer bruk av ulike plattformar og software me ikkje kan greie oss utan.
5. Ein felles ungdomsskule	0	2300	Kan spare inn ei klasse pr trinn - altså 3. klassar, som betyr 4, 5 årsverk - 5 millionar pr.år. Utgifter til skyss, ombygging vil ein måtte kome tilbake til om dette blir reelt. Men grunna desse meir kostnadane vil det truleg bli ein kostnadsauke dei fyrste åra. Truleg ikkje mogleg å planlegge, førebu og setje i gong før skuleåret 2028-29
6. Undervisningsmateriell	250	250	Betre innkjøpsavtaler og sambruk i Vinjeskulen. Setje eit nytt fast beløp til undervisningsmateriell på nivå med vår kostragruppe – reduksjon 10 % frå dagens nivå
7. Fritt skulemateriell	100	100	Setje eit nytt fast beløp til fritt skulemateriell på nivå med vår kostragruppe – reduksjon 10 % frå dagens nivå
8. Program kommunen er med i som t.d <i>Liv og Røre, Ungt entreprenørskap, Aktiv 365</i>	50	50	Dette er program me har vurdert som viktige for Vinjeskulen, men Ungt entreprenørskap er minimalt i bruk no og langt på veg erstatta av liknande opplegg. Kuttast ut med ein årleg innsparing på kr 50 000,-

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Beskriving av tiltaket	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Polen-tur og skulemåltidet er tilbod til Vinje-elevar som går langt utanpå lovkrava. Me har vore opptekne av dette er positive tiltak som når alle.	- Når me vurderer å kutte ut Polen-turen er det fordi me veit at Vinje-elevar har mange flotte tur opplevingar og leirskule som gjer at me allereie der oppfyller lovkrava. Dette opplegget har meir enn dobla seg i pris og er mindre vanlag at kommunar elles tek seg råd til. Det er IKKJE eit alternativ å gjere dette friviljug med eigenbetaling, då det er ekskluderande og lite sosialt. - Skulemåltidet har me hatt i mange år i Vinje. Det er meint som førebyggjande, samlande og

	sosialt utjamnande. Det har også blitt ein merkelapp for Vinjeskulen og gjeve kommunen mykje god omtale. Når me no må sjå på område me bør kutte i er dette eit ikkje-lovpålagd tilbod som teoretisk sett er enkelt å fjerne, men som ein veit vil gje mange sterke kjensler og vere direkte skadeleg for nokon. Særleg på ungdomstrinnet veit me at nokon elevar fortel at dette er einaste felles måltidet dei har med andre. Fokus på sunt og variert kosthald er viktig. Så er det slik at mange av dei tilsette på skulen melder om at særleg dei yngste elevane vil kunne ha like godt utbyte av å spise ei medbragt matpakke i klasserommet saman med lærar. Me har difor sett opp eit alternativt opplegg kor me berre har skulemat for ungdomsskuleelevane. Innsparinga her vil bli litt mindre enn halvparten då me framleis må ha nokon til å handle inn til , lage og administrere måltida.
Felles ungdomsskule er eit tiltak som har potensiale i seg til fyrst og fremst spare inn på klassetal.	Felles ungdomsskule vil krevje god planlegging og truleg noko ombygging på grunn av større klasser. Det må i så fall sjåast i samanheng med ny Rauland skule, og lokalisering blir i tilfelle ein ny omkamp. Konsekvensar som lang reiseveg, auka skyssutgifter og konsekvensar for bygdene er noko ein må ta stilling til. Truleg vil færre stillingar bli løyst av naturleg avgang.
Dei andre innsparingstiltaka som går på lisensar og læremedel er naturleg å spare inn på. Her treng me ikkje bruke meir enn andre.	Elevane vil få like god undervisning utan det forbruket me har i dag. Dette handlar i stor grad om medveten bruk av ressursane og betre samkøyring.

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	3 805	6 205	6300	6400

